

HØYRINGSFRAMLEGG TIL LOKAL FORSKRIFT OM SKULERUTE FOR GRUNNSKULANE I VOSS HERAD FOR SKULEÅRET 2024-2025

Heimel: vedteke av heradsstyret i Voss herad DATO med heimel i Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (LOV-2023-06-09-30) § 14-1 andre ledd.

§ 1 Føremål og verkeområde

Forskrifta gjev informasjon om skule- og feriedagar elevane har i skuleåret 2024-2025.

Elevane har rett og plikt til å møta på skulen på dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjeld for alle grunnskulane i Voss herad i skuleåret 2024-2025.

§ 2 Felles datoar

Det er fastsett i opplæringslova at opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker.

Alle datoar som er synt i skuleruta i § 3 er felles for alle grunnskulane i Voss herad.

§ 3 Skule- og feriedagar for skuleåret 2024-2025

Fyrste skuledag etter sommarferien	15.august
Haustferie	7. oktober til 11. oktober (veke 41)
Planleggingsdag	15.november
Juleferie (fyrste skuledag etter ferien er 3.januar)	23.desember til 1. januar.
Planleggingsdag	2.januar
Vinterferie	17.februar til 21.februar (veke 8)
Planleggingsdag	14.mars
Påskeferie (fyrste skuledag etter ferien er 22.april)	14.april til 21.april
Offentleg fridag	1.mai
Fridag for elevane	2.mai
Kristi Himmelfartsdag	29.mai
Fridag for elevane	30.mai
1. pinsedag	9.juni
Siste skuledag før sommarferien	20.juni

§ 4 Iverksetjing og opphør

Forskrifta trer i kraft 01.08.2024 med opphør 31.07.2025, eller til den vert erstatta med ny forskrift.